

Høyringsinnspel – Detaljregulering for Stord Hotell II (planID 202401)

Stord Næringsråd (SNR) viser til høyring og offentlig ettersyn av detaljregulering for Stord hotell II.

SNR er positive til planforslaget og støttar ei vidareutvikling av hotellkapasiteten på Stord. Auka kapasitet på overnatting, kombinert med moderne konferansefasilitetar, er viktig for den vidare utviklinga av Stord som regionsenter.

SNR vil særleg peike på at det i dag er avgrensa tilgang på gode konferansefasilitetar i Sunnhordland i direkte tilknytning til overnattingskapasitet. Dette gjer det krevjande å arrangere større konferansar, møte og arrangement i regionen. Tiltaket som no ligg føre, vil bidra til å redusere denne mangelen.

Eit styrka hotelltilbod vil òg gjere det enklare for næringslivet i regionen å sikre tilstrekkeleg overnatting for tilreisande arbeidskraft, kundar og samarbeidspartnarar. Dette er ein føresetnad for vidare vekst og utvikling i fleire næringar.

SNR meiner at planforslaget vil styrkje Stord si rolle både som reiselivsdestinasjon og som attraktiv arena i konferansemarknaden på Vestlandet.

På denne bakgrunnen støttar Stord Næringsråd planframlegget.

Med helsing



Torbjørn Brosvik
Dagleg leiar
Stord Næringsråd